

# ÅRSMELDING 2022 JONDAL UNGDOMSKOR,

Framlagt og godkjent på årsmøte 30.03.23

## \*Administrasjon

Jondal sokneråd driv korarbeidet Solstråla, og korarbeidet er ein del av kantor si stilling. Frå hausten 2019 har sjølv undervisingsdelen til barnekoret blitt kjøpt gjennom Ullensvang kulturskule, sidan kantorstillinga i Jondal sokn vart redusert i koråret 2019/2020.

## \*Korforbund

Solstråla er med i kororganisasjonen Ung Kyrkjesong som samlar ca 7-8000 barne- og ungdomskorsongarar fordelt på over 300 medlemskor. Gjennom UK får koret tilsendt medlemsbladet Ung Kyrkjesong, ein får tilbod om ein del kortreff, seminar etc., og koret får frifondsmidlar gjennom Ung Kyrkjesong. Elles får ein òg, gjennom medlemsskapet, dekkja eventuelle TONO-utgifter ved ulike arrangement, dersom denne avtalen vert fornya.

## 2022 Jondal Ungdomskor v/ Konfirmantkoret.

Våren 2022 vart tilnærma normal, berre med restriksjonar heilt i byrjinga av året. På våren hadde konfirmantkoret 6 medlemmer. Endeleg fekk vi ha kyrkjespel og konfirmasjon på våren igjen. Kyrkjespelet vart framført 28.april og konfirmasjonen var søndag 1.mai. Konfirmantkoret hadde fine framføringar både av kyrkjespelet og på konfirmasjonsdagen. Denne gongen var Arild B.Nielsen- percusjon og trompet & Inger Kristine Rieber-piano med som musikarar på kyrkjespelet. Haustsemesteret hadde konfirmantkoret 11 medlemmer. Koret hadde øvingsplan både vår og haust og JU deltok på 3 arrangement i 2021.

Jondal Ungdomskor v/ fast gruppe- JU hadde ikkje aktivitet i 2022.

17 ungdomar betalte kontingent til Jondal Ungdomskor for 2022.

Jondal Ungdomskor hadde i bank pr. 31.12, kr. 25275,68

Av aktivitetar 2022 kan vi nemne korsamlingar, Kyrkjespelet Deg å få skode som konfirmantane er hovudarrangør for, Konfirmasjonsgudstenesta og Ljosmessa.

Det var JU som betalte honorar til ekstra musikarar og lyd på kyrkjespelet .

## \*Styret for år 2022 var det same som styret for 2021, sidan det ikkje vart halde årsmøte for 2022:

|                                     |                                            |
|-------------------------------------|--------------------------------------------|
| Tiril Stølheim Øgård (2021)         | ungdomsrepresentant, eit ekstra år         |
| Sigrid Gausvik (2021)               | ungdomsrepresentant, eit ekstra år         |
| Anne Karin Stormyr                  | dirigent og leiar, fast styremedlem        |
| Synnøve Eikrem (2021-2022)          | styremedlem                                |
| Kristine Utheim Gangdal (2021-2022) | styremedlem                                |
| Åse Marit Jørgensen (2020-2021)     | representant frå soknerådet, eit ekstra år |
| Hilde Eide (2020-2021)              | styremedlem, eit ekstra år                 |
| Ungdomsvara: Marie Hopsdal Brattebø |                                            |
| 1.vara: Hildegunn Samland (2021)    |                                            |
| 2.vara: Siv Mælen Strømmen (2021)   |                                            |

Revisor: Magnar Sollesnes (2021)

Styret hadde ingen ordinære styremøte i 2022.

Arrangementsliste med repertoaroversikt for JU blir lagt ved i protokollen.

JU 30.mars 2023

v/Anne Karin Stormyr, leiar